



BEREDSKAPSPLAN
FOR
STORD IDRETTSLAG

Retningslinjer for handtering av ulykker og
uønska hendingar relatert til Stord Idrettslag.

Innhald

Innhold	2
1 Innleiing.....	3
2 Føremål med planen	4
3 Arbeidsprinsipp	4
3.1 Openskap/ærlegdom	4
3.2 Respekt	4
3.3 Vern	4
3.4 Løysing	4
4 Beredskapsgruppe i Stord Idrettslag	5
5 Hendingar som skal meldast til beredskapsgruppa	5
5.1 Ulukke med personskade	5
5.2 Medlem i Stord Idrettslag døyr.....	5
5.3 Klare brot på klubben sitt verdigrunnlag.....	5
5.4 Overgrep, bekymringssaker.....	6
5.4.1 Bekymringssaker	6
5.4.2 Overgrep	6
5.4.3 Blotting.....	6
5.4.4 Økonomisk utruskap.....	6
5.5 Andre saker som kan medføra spesielle mediaoppslag eller offentleg merksemd	6
6 Varsling ved ulukke.....	7
6.1 Sjekkliste / prosedyre	7
6.2 Varsling til pårørande	8
7 Kontaktinformasjon.....	8
7.1 Oversyn Styret i Stord idrettslag	8
7.2 Ekstern kontaktliste.....	9

1 Innleiing

Det har lenge vore eit ønske at Stord Idrettslag må ha sin eigen Beredskapsplan. Organisasjonen vår er stor, spenner over alle aldersklassar og har eit utal av aktivitetar.

Planen er meint å gi retningslinjer for korleis ein skal handtera ulike hendingar og dess fleire som kjenner til retningslinjene, dess betre rusta er me til å handla rett.

Samstundes kan ikkje ein slik plan dekke alle hendingar som kan oppstå. Det derfor viktig at kvar gruppe går gjennom sine egne aktivitetar for å identifisera sårbare område spesifikke for gruppa, og deretter formalisera desse med tiltak i eigen plan.

Slike planar kan ikkje lagast ein gong for alle, men må vera dynamiske fordi alt over tid er i endring. Planen vil derfor bli gjennomgått kvart år etter årsmøte og bli oppdatert ved endringar som har påverknad av beredskapen. Den skal uansett oppdaterast kvart tredje år.

Hovudstyret tar derfor gjerne imot innspel undervegs som kan betra planen.

Ein del skjema og kontaktinformasjon er lagt bakerst i planen slik at desse sidene skal vera lettare å skifta ut (i papirutgåva), og kan og trykkast opp og distribuerast separat.

Takk til alle som har hjelpt til undervegs. Ei særleg takk til Politiet, Kommuneleiinga, Barnevernet, og Kommunelegen.

Stord, september- 2018

Hovudstyret

2 Føremål med planen

Planen har som føremål å avklara ansvarsforhold, informasjonsansvar og sikra at naudsynte tiltak vert iverksett ved hendingar som er omtala i planen. Vidare skal eit slikt dokument sikra lik tilnærming av omtalte saker i heile Stord idrettslag med undergrupper.

(Tiltak ved brann vert dekkja av eigen plan).

3 Arbeidsprinsipp

3.1 Openskap/ærlegdom

Konkret og rett informasjon om det som har hendt slik at ein unngår rykter og tilfeldige synspunkt. Unngå spekulasjonar og forhasta konklusjonar. Handling føreset fullgod kjennskap til saka.

3.2 Respekt

Samhandla med dei næraste pårørande og ta omsyn til deira ønskje, reaksjonar og behov.

3.3 Vern

I ein krisesituasjon har de impliserte ikkje alltid normal evne eller kapasitet til å verna seg sjølv. Påtrykk frå m.a. media kan være omsynsløst.

3.4 Løysing

Det er ei målsetting å løysa hendingar på lågast mogleg nivå, utan å redusera alvorsgrad.

4 Beredskapsgruppe i Stord Idrettslag

Beredskapsgruppa i Stord idrettslag har følgjande faste medlemmer

- Leiar
- Nestleiar
- Leiar (eller utpeika medlem) i den gruppa hendinga høyrer inn under.
- Hovudreiseleiar dersom hendinga har tilknytning til reiser.

Gruppa kan supplerast med fagpersonell når den finn det nødvendig.

Leiaren i SI leiar arbeidet fram til at gruppa er etablert.

Beredskapsgruppa organiserer seg og fordeler oppgåver alt etter kjennskap til saka og type sak.

Leiaren eller den han/ ho peikar ut har all kontakt eksternt.

Oversyn over styremedlemer og kontaktinformasjon finst bak i planen

5 Hendingar som skal meldast til beredskapsgruppa

Hendingar som utan opphald skal meldast til leiar (eller styremedlemer) i hovudstyret:

- Ulukke med personskade
- Medlem i Stord idrettslag som dør
- Klare brot på klubben sitt verdigrunnlag
- Overgrep, bekymringsaker
- Økonomisk utruskap
- Andre saker som kan medføra mediaoppslag eller offentleg merksemd

Punkta er gjort nærare greie for under.

5.1 Ulukke med personskade

Detaljprosedyre for varsling av skade, ulukke eller sjukdom; **Sjå skjema bak i planen**

5.2 Medlem i Stord Idrettslag dør

Beredskapsgruppa vert informert og vurderer vidare tiltak som gjeld kontakt med familien og eventuell deltaking i gravferd.

5.3 Klare brot på klubben sitt verdigrunnlag

Klubben sitt eige verdigrunnlag er per dato under utforming.

Men det vil uansett leggja til grunn at uønska åtferd knytt til mobbing, seksuell åtferd, trakassering, doping, rusmisbruk og valdeleg åtferd kan medføra sanksjonar frå hovudlaget.

Beredskapsgruppa kartlegg saka saman med gruppeleiar og den/dei som kjenner saka.

Idrettslaget skal normalt kunne handsama slike saker internt ved å innkalla partane til avklaring og tiltak. Det er viktig med skriftlege (og av alle partar signerte) referat frå møta.

Styret i Stord idrettslag vurderer vidare tiltak og kan kontakta eksterne faginstansar dersom type sak og alvorsgrad gjer det naudsynt.

Aktuelle konsekvensar frå Hovedstyret kan vera:

- Orsaking frå den som har utført dette og aksept frå fornærma part
- Advarsel munnleg eller skriftleg
- Tap av funksjon
- Utvising frå idrettslaget

5.4 Overgrep, bekymringssaker

5.4.1 Bekymringssaker

Døme på saker som kan gi bekymring er dersom medlemmer tydelegvis ikkje har det bra på ulike arenaer som skule, heim og fritid. Meldar kan drøfte saka med gruppeleiar/styret for vidare tiltak. Barnevernet kan vera ein god instans for rettleiing.

Det er eit viktig prinsipp at saka vert omtala prinsipielt og konfidensielt. Vaksne har i slike saker ei varslingsplikt.

Ein kan lesa meir om melding til barnevernet her:

https://www.bufdir.no/Barnevern/Melde_fra_til_barnevernet/Melde_fra_til_barnevernet_priv_atperson/

5.4.2 Overgrep

Beredskapsgruppa kontaktar politiet/barnevernet for vidare rettleiing. Normalt tek politiet over saka. Det kan vera vanskeleg å avgjera alvoret i slike meldingar.

Barnevernet/politiet i kommunen har i alle slike saker sagt seg villige til å vera dialogpartner, dvs me kan henta rettleiing hjå dei.

Sjå elles

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/seksuell-trakassering-og-overgrep/>

5.4.3 Blotting

Ved omtale av tidlegare hending vert politiet informert via Beredskapsgruppa.

Ved hending i notid skal politiet varslast utan opphald på 112 for uttrykking, og Beredskapsgruppa deretter.

5.4.4 Økonomisk utruskap

Mistanke om økonomisk utruskap i alle ledd og på alle nivå i organisasjonen skal varslast hovudstyret i Stord idrettslag utan opphald.

I tilfelle der ein har mistanke om økonomisk utruskap i idrettslaget, gjeld følgjande handlingspunkt:

- Hovudstyret hentar inn all tilgjengeleg informasjon frå meldar/gruppeleiar eller rekneskapsansvarleg
- Advokat/revisor vert kontakta for å vurdere alvoret i saka
- Alt etter alvorgrad blir personen mistanken er retta mot informert, og får høve til å forklara seg
- Personen kan få tilbod om å gjera opp for seg
- Ved alvorlege tilfelle vert saka meldt til politiet for vidare handsaming

5.5 Andre saker som kan medføre spesielle mediaoppslag eller offentleg merksemd

Ved andre hendingar enn dei som er omtala ovanfor, der hendinga kan medføre spesielle mediaoppslag eller anna offentleg merksemd, skal beredskapsgruppa ha melding om dette og vurdere tiltak ut frå informasjonen. Beredskapsgruppa skal ved slike hendingar peika ut ein ansvarleg kontakt for media/presse.

6 Varsling ved ulukke

6.1 Sjekkliste / prosedyre

Sjekklista er rettleiande og kan vera ei hjelp til kva ein må gjera dersom ei hending skulle oppstå. Det er viktig at ein opptrer roleg, tek omsyn til den eller dei som er ramma av hendinga og at undergruppene gjer sjekklista kjend for alle trenarar/oppmenn.

KRYSS FOR UTFØRT	TILTAK	ANSVARLEG	TELEFON	GJEREMÅL
1	Ring lege/ambulanse	Første til staden	113	Yta førstehjelp Halda kontakt med 113
2	Samla involverte i hendinga	Trenar/lagleiar		Samla/informera/roa ned/ta hand om reaksjonar
3	Kontakta pårørande	Trenar/lagleiar		Varsla hendinga
4	Kontakta beredskapsgruppa	Trenar/lagleiar		Varsla, gjera avtalar
5	Kontakt med pårørande (Sjå skjema under)	Trenar/lagleiar /Beredskapsgruppa		Situasjonsavklaring, avklara roller, tilby støtte og hjelp
6	Informera involverte	Leiar i Beredskapsgruppa	Medlemsliste	Informasjon. Møte reaksjonar
7	Samla berørte	Beredskapsgruppa		Støtta og avklara roller

6.2 Varsling til pårørende

Føresette/pårørende til den sjuke/skadde skal varslast snarast råd.

Viktig informasjon som skal gjevast:

- Kort om hendinga
- Status for den skadde
- Kva tiltak er iverksett
- Kor har hendinga skjedd
- Kva skjer vidare

1. Ver sikker på at **rett** pårørende er kontakta ved å spørja om dette er, mor/far til
2. Presenter deg sjølv med namn og funksjon (trenar, oppmann)
3. Fortel kva som er skjedd, status, årsak og tiltak så langt (t.d. tilkalling av medisinsk hjelp)
4. Forklar korleis pårørende kan koma dit den sjuke/skadde er
5. Spør om det er andre som bør kontaktast som:

Namn: TLF:

Namn: TLF:

7 Kontaktinformasjon

7.1 Oversyn Styret i Stord idrettslag

Tittel	Fornamn	Etternavn	Adresse	Telefon	e-post og privat
Leiar	Roy Sverre	Amundsen	Sandbrekko 26	99225785	roy-sverre.amundsen@stord.kommune.no
Nestleiar	Torger M.	Tvedten	Furulyvegen 36	99095938	torger.tvedten@sklbb.no
Styremedlem	Anne Sissel	Mugaas	Selevikvegen 47	48278552	anne.sissel.mugaas@stord.kommune.no
Styremedlem	Terje	Aas	Luren 30	90070046	terje.aas@outlook.com
Styremedlem	Kjartan	Grov	Luren 27	93449864	kjartangrov@gmail.com
Dagleg leiar	Bjørn	Lindgård	Nedre Hageby 41	90555277	bjorn@stordil.no

7.2 Ekstern kontaktliste

All kontakt med beredskapsgruppa i Stord kommune skal gjerast i samråd med Stord idrettslag si beredskapsgruppe.

Tittel	Fornamn	Etternavn	AKUTT	Telefon	e-post
Kommunalsjef, beredskapsleiar	Knut J	Gram		97552011 / 53496668	knut.gram@stord.kommune.no
Rådmann	Magnus	Mjør		91644039 / 53496639	magnus.mjor@stord.kommune.no
Kommunalsjef	Mariann J	Hilt		41416503/ 53496689	mariann.jacobsen.hilt@stord.kommune.no
Kommunelege	Lars Helge	Sørheim		99095893 / 53496630	
Brannsjef	Jan Ove	Anthun		97552059 / 53496846	
Politi			02800 112	53865300	
Brann			110		
Ambulanse			113		
Legevakt			116117		
Giftinformasjons-sentralen			22591300		
Fylkesmannen			55572000 / 55572009		
DSB – Direktoratet for Samfunnstryggleik og beredskap			48212000		